


SKJEMA FOR INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL 2023 - 2035

1. Informasjon om forslagsstiller			
Namn: Håkon Hevrøy	Adresse: Eide 23	Tlf: 95301144	Epost: hth007@gmail.com
2. Informasjon om eigedom			
Gardsnr.	Bruksnr.	Grunneigar	
137	6	Edwardsdal, Marit Valestrand	
3. Informasjon om arealbruk idag			
Kva er arealføremålet i gjeldande kommuneplan: LNFR			
Kva vart arealet nytta til tidlegare? Dette er innmark og beite i utmark.			
Kva er bruken i dag? Innmark og beite i utmark.			
4. Informasjon om ny arealbruk			
Kva ny arealbruk er ønska? Å opne for å ta i bruk områder som per i dag er LNFR til offentlig formål. Dette kan vere skule, barnehage, idrett eller anna knytt til offentlig tenesteyting.			
Kva er bakgrunnen for endra arealbruk: I arbeidet med skuleområdet på Valestrand knytt til både skule og vurderingar med samlokalisering med barnehage, møter ein stadig avgrensingar knytt til dagens skuletomt. Dagens skuleområde er yttergrensa til områdeplan for Valestrand. Heile området grensar mot Valestrandsgården med sine ca 550 000 m ² . Å opne for mindre eller større utvidingar gjer at ein seinare kan vurdere å ta i bruk området på ein betre måte. God prosjektering og vurderingar knytt til jordbruksland må til. Det skal nemnast at det og kan vere aktuelt med noko utviding nedfor skulen bak bautaen. Dette er allereie skulen sitt område. Området grensar mot tre private bustader (felt B36) som ligg i områdeplanen og såleis ikkje aktuelt som innspel til KPA, men relevant som saksopplysing. Området bak bautaen er i dag i svært lite bruk og er på ca 1200 m ² , noko som tilsvarer dagens skulebygg si grunnflate (paviljongen er då ikkje medrekna). Noko erverv av grunn her kan dekke noko av trongen for betre løysingar på tomta. Mogleggjere utvidingar til undervisning, barnehage med meir.			



OSTERØY KOMMUNE

Plan

Då veksten i folketal såg ut til å vera stor for ca 10 år sidan vart det utvida både Valestrand og i Lonevåg. Den midlertidige paviljongen på Valestrand skulle stå i opp til fem år, men skal no tas i bruk på sjuande skuleåret haust 2022. Paviljongen frå 2016 fungerer og gjev skulen kapasitet på 380 elevar, men i kvalitetar kan den ikkje samanliknast med eksempelvis nybygget på Lonevåg.

Med dagens elevtal på ca 210 born er skulen jamstor med Lonevåg skule. Hausten 2020 vart det vurdert å flytte mellomtrinnet på Haus og i Fotlandsvåg til Lonevåg skule. Ein viste då til at om ein ikkje gjorde dette ville ein få ein stor nedgang i elevar for Lonevåg skule. I talmaterialet for Valestrand ligg derimot ikkje an til nedgang på Valestrand. Fasit hittil to år etter er ei auke på ca 10% eller 20 elevar meir enn dei fem ein trudde skulle komme (gjeld skuleåra som var og som kjem 2022/2023).

I planarbeidet kjem det fram at ein viktig føresetnad for folketalet på Osterøy at så få som mogleg flyttar herifrå etter oppveksten og at så mange som mogleg kjem attende. Dette områdesenteret har alltid hatt tilstrøyming av tilflyttarar også utan tidlegare tilknytning til Osterøy. Nærleiken til bysida har truleg vore medverkande. Utan veksten som har vore og fortsatt finnes i dette området, ville demografien på Osterøy sett mykje verre ut enn den no gjer. Å satsa på borna og familiar med born seier seg sjølv at bør vera ein viktig prioritering for Osterøy sin aldrande befolkning. Å støtte opp under den veksten som har vore og byggje vidare på den, er eit av dei sikraste korta Osterøy har på handa.


Heradsstyret må og vurdere i kor stor grad ein skal ta høgd for at private skular kan leggjast ned i området. Elevar derifrå ville truleg fordelt seg mellom Valestrand, Lonevåg og eventuelt Hosanger Montesorriskule. I så tilfelle måtte tenkje og sjå til at ein har kapasitet til å ta i mot borna på Valestrand. Dagens kapasitet der er 380 born, noko som truleg er stort nok. I utredninga knytt til ny skule var det 400 elevar som vart snakka om. Sidan den gong har prognosar for folketal og born vorte redusert.

Litt meir bakgrunnsinformasjon er at då skulestrukturen vart lagt om, valde ein at Hjellvik, Hamre og Hauge skulle «sokne» til Valestrand. Konseptet Valestrand – Hauge vart lansert som eitt samla skuleområde. Det same skjedde på dei andre områdesentra våre. I seinare tid har dette med Valestrand/Hauge som eit områdesenter kome fram. Det er no dette området ein skal sjå på for å vite noko om elevtal.

Grunnkrinsinndelinga frå 1980 er utdatert, kanskje spesielt når det kjem til dette områdesenteret. Valestrand er på underleg vis delt i tre. Hauge inkluderer det nye byggjefeltet på Loftås, som med sine rundt 200 bustadeiningar er dobbelt så stort som Hauge med sine rundt 100. Tek ein med husstander i mellom Osterøytunet og Taxisentralen, kan ein leggje til ca 25 fleire (alle tal i dette avsnitt er basert på eigne undersøkingar).

I skulesamanheng, som er det mest interessante her, vil mange på Loftås velje Valestrand som sin skule og mange vil velje Lonevåg. I tillegg ligg og eksempelvis Revheim til grunnkrinsen Hauge, utan at mange derifrå søker seg til Valestrand. Det kan såleis argumenterast for at tala for grunnkrinsen for grunnkrinsen Hauge hjå SSB er vanskeleg å nytte som eit godt elevgrunnlag for dette områdesenteret.

Elevar busett i nærleiken til dei to privatskulane på Hamre og Hjellvik, vil og i stor grad søker seg inn på desse. Tala derifrå vil såleis og vere vanskeleg å nytte som grunnlag for elevtal. Elevgrunnlaget for den offentlege skulen på Valestrand vil difor i hovudsak vere borna på Valestrand. I tillegg vil det komme ein del frå Loftås og eit visst supplement frå Hamre, Hauge, Hjellvik.



OSTERØY KOMMUNE

Plan

Debatten om nybygd skule i Elvikaskogen, i 2017 prisatt til 200 millionar, kjem stadig opp att. Særleg vert det teke fram at dette ligg nærare borna på Hauge og Loftås og at dette kan vera ei samlande plassering av skulen. Talgrunnlaget kan kaste noko lys over desse påstandane.

Eit spørsmål er nemleg om alle på Hauge vil slutte i Lonevåg og dra til ny skule i Elvikaskogen. Det vil i så tilfelle medføre ei endring i bruksmønsteret frå dagens praksis der mange i grunnkrinsen Hauge vel å gå i Lonevåg.

Valestrand er på si side delt opp i tre grunnkrinsar. Nord, sør og Valestrandsfossen. Nord startar etter krysset til Eide, noko som fører til at alt frå Rundhovde til og med Kvammen høyrer til her. I tillegg høyrer Burkeland og Røskeland til her. Sør inkluderer heile Reigstad og Åsen forutan Bullaåsen. Desse skiljene vert heilt unaturleg i dag og det vert difor naturleg å sjå på tala samla for Valestrandsfossen.

Dette er tala:

Hjellvik, Hamre mm	0-5 år			53
	6-15 år			117
Hauge/Loftås	0-5 år	37	33	70
	6-15 år	56	57	113
V. Nord, sør, volest.	0-5 år	64	80	144
	6-15 år	116	119	235
Resten av Osterøy	0-5 år			376
	6-15 år			704


(kjelde: SSB tabell 04362: Befolkning, etter region, alder, statistikkvariabel, år og kjønn. Sist endra 24.02.22)

Ut frå tala kan ein lese at 40 % (732 born) av alle born på Osterøy (1812 born) opp til og med 15 år bur i dette områdesenteret. For grunnskulealder 6 – 15 år vert resultatet og 40%. Som nemnd før er viser prognose for elevtalsutvikling ved Valestrand skule at tala ikkje er forventa å gå ned i dette området.

(kjelde: Høyring vedkomande omgjerling av barnehagar og skular til oppveksttun i samband med budsjett 2020, Osterøy kommune)

Ut frå grunnkrinsar kan ein sjå kor borna bur. 2/3 av borna bur på Valestrand (67,4%), dette er om ein ser vekk frå Hamre og Hjellvik som har kvar sine privatskular. Tek ein med desse, bur litt over halvparten på Valestrand (51,7%), resten på Hamre, Hauge, Hjellvik og Loftås. På Hamre og Hjellvik skule går det mange lokale elevar. På Hauge er det mange som går andre stadar enn Valestrand. På Loftås er det ei god blanding. Ut frå dette kan ein sjå at det er i stor grad borna på Valestrand som går på den skulen.

Ut frå tala kan ein lese at det i snitt er 23,5 born pr trinn på Valestrand. Totalt på skulen vil det då utfrå snittet bli 165 elevar. Det vert så eit fråtrekk for elevar på Valestrand som dreg ut av bygda. Ut frå dagens (Haust 2022) elevtal på ca 210, vil ein kunne anslå at det vert ca. 50 elevar som kjem frå krinsane Hauge, Hamre, Hjellvik og Bleikli. Dersom ny skule vert bygd, vil truleg nokon fleire elevar komme til.



OSTERØY KOMMUNE

Plan

Ut frå snittberekning kan ein lese at det bur 79 born i barneskulealder frå Loftås i vest til Revheim i aust. Potensielt kunne desse vorte elevar ved ein ny skule. Mange av desse går på andre skular idag. Anslaget på ca. 50 elevar per i dag frå andre grunnkrinsar enn Valestrand på Valestrand skule, viser at ikkje 79 born frå Hauge går på Valestrand. På Hamre og Hjellvik bur det her 82 born i barneskulealder. Svært stor andel av desse går truleg på Hamre og Hjellvik. Av ein snittberekna pott på tilsaman 161 elevar i desse områda går altså rundt 50 elevar på Valestrand i dag.

Av dei rundt 50 elevane kjem mange frå Loftås og nokon frå Hauge. Andre kjem frå Hamre og Hjellvik. Desse sistnemnde vil ikkje få vesentleg endra skuleveg då dei allereie i dag ikkje går eller sykklar til skulen. Elevar frå Loftås og Hauge vil få ca 1 km kortare skuleveg med flytting til Elvikaskogen. Merk at dette då ikkje gjeld heile gruppa på anslagsvis 50 elevar, men den delen av desse som ikkje bur i retning Hamre og Hjellvik. Det vert likevel ca. 3,3 km frå Klubbelia og ca. 2,8 km frå gamle butikken/Kollhaugen til ein ny skule. Kor mange som vil gå eller sykle til skulen med ei slik forkorting på 1 km er uvisst, men truleg vil ein del av desse elevane fortsatt nytte kollektivt eller bli køyrd til skulen. Flyttinga vil i så tilfelle gje avgrensa effekt på andel elevar som går over til å komme seg til og frå skulen for eiga maskin.

På Valestrand bur hovedtyngda av borna sentrumsnært med grei gangavstand til skulen (opp til 1,5 km til øvst i Åsen). Med utgangspunkt i opp mot 165 elevar frå Valestrand på dagens skule, vil derimot flytting av skulen til Elvikaskogen for desse medføre 1 km lengre skuleveg. For elevar i Eide og Bullaåsen medfører det ei dobling av skulevegen. For Åsen, Rundhovde og Reigstad vil avstanden gjerne auke frå 1,2 km til 2,2 km. Vardalen vil auke frå nokon hundre meter, til ein kilometer meir. Dette vil truleg medføre ei viss auke i elevar som vert skyssa til skulen. Om det er så mange fleire som vil velje å gå frå Hauge grunnkrins at dette veg opp for dei færre som går frå Valestrand, er uvisst.


I samanheng med arbeidet med barnehagen på Hauge, såg ein på kor borna budde. Dette viste at dette var ein barnehage som mange kom reisande til, sidan berre 14 av 67 born busett på Hauge. (Kjelde: reguleringsendring Hauge barnehage 2017). For skulen på Valestrand bør tala undersøkjast nærare på same måte, for å finne andel som reiser på privatskular og andre offentlege skular som Lonevåg. Utrekningar ovanfor er basert på SSB sine tal og ikkje konkrete undersøkjingar der ein tel antall born på dei ulike skulane frå dei ulike grunnkrinsane eller ei anna meir hensiktsmessig inndeling. Ei slik dybdeanalyse vil gje meir presise tal.

Det er med andre ord viktig å satse på at desse 210 borna ved Valestrand skule får gode oppvekstvilkår. Det kan vere viktig om ein ønskjer at borna seinare skal ville busette seg her. Det vil og vere viktig for å kunne vere ein attraktiv kommune for tilflyttarar. Dagens skuleplassering har ikkje endra seg mykje sidan 1881 og vil truleg fungere bra også dei neste 141år. Dette bør byggjast opp under.

Beskriv omfang av planlagd arealbruk både på land og i sjø:
Uviss, må sjåast på av profesjonell planleggar.

5. Kart

Område for arealendringa skal teiknast inn på kart i målestokk $\approx 1:1000$. Underlagskart kan printast ut frå <https://www.nordhordlandskart.no/osteroy> eller ta kontakt med kommunen.



OSTERØY KOMMUNE

Plan

Kartskisse skal leggest ved søknadsskjema. Må merkast med gnr/bnr. på det aktuelle arealet og med namn på forslagsstiller.

6. Alle arealinnspel må så langt som råd er kunna gjennomførast og vera i samsvar med mål og arealstrategi i kommuneplanen sin samfunnsdel

Er arealinnspelet i samsvar med mål i kommuneplanen sin samfunnsdel:

JA _____ JA i stor grad NEI _____

Om ja: Kva mål høyrer innspelet inn under: Skriv mål:

Overordna målsetting om miljømessig berekraft - Berekraftig forvaltning av livsgrunnlaget
Overordna målsetting om sosial berekraft - Gode levekår og attraktive lokalsamfunn

Er arealinnspelet i samsvar med mål i kommuneplanen sin arealstrategi:

JA JA i stor grad _____ NEI _____

Om ja: Kva arealstrategi høyrer innspelet inn under: Skriv arealstrategi:

«• Berekraftsomsyn skal leggjast til grunn for all arealbruk i kommunen
• Osterøy kommune skal gjennom arealplanlegginga byggja opp under eksisterande sosial og teknisk infrastruktur, og søkje effektive løysingar for å samordne arealbruk og kommunikasjon
• Osterøy kommune skal halde fram med eksisterande senterstruktur og vidareutvikle denne med Lonevåg som kommunesenter, og Haus, Valestrand/Hauge og Fotlandsvåg som lokale sentra. Offentlege tenestetilbod skal i all hovudsak leggjast til desse sentra
• Osterøy kommune skal leggje til rette for vekst i tilknytning til eksisterande kommunesenter, lokale sentra og bygder, og gje høve for utviding for eksisterande næringsverksemd»

Men frå arealstrategien vert følgjande gjort gjeldande i dette tilfellet:

«Der andre viktige utviklingsføremål gjer det uunngåeleg å bygge ut på matjord eller dyrkbar jord, skal jordressursane takast vare på og brukast til å etablere ny eller forbetre allereie eksisterande matjord andre stader i kommunen.»

og

«Kommunen skal i planlegging sikre jordressursane, kvalitetar i landskapet og vern av verdfulle landskap og kulturmiljø»

Om nei: Kva arealstrategi kan arealinnspelet kome i konflikt med:

Vern av jordressursane

Skjema skal sendast til e-post:

post@osteroy.kommune.no